



## NOTAT

**Til:** Fylkesutvalet  
**Frå:** Fylkesrådmannen

**Dato:** 08. november 2013

**Arkivsak:** 201302900-  
17/INGTAKL

**Kopi til:**

**Arkivnr.:** 015

### Fråsegn til høyringsnotat angående lovfesting av medverknadsorgan for ungdom

Medverknadsorgan for ungdom i Hordaland fylkeskommune starta i 1997 som eit pilotprosjekt etter eit initiativ frå Hordaland Barne- og Ungdomsråd. Ungdommens Fylkesting vart vedteken som eit permanent organ frå 2000. Målet for Ungdommens Fylkesting 28.-29. november 1997 var:

- *Lage Handlingsprogram for ungdom i Hordaland.*
- *Få ungdom aktivt med i prosessen for et Handlingsprogram for ungdom i Hordaland.*
- *La ungdom få innflytelse på egen hverdag.*
- *Få fylkespolitikerne interessert i innspill frå ressursgruppen ungdom.*
- *Gi fylkespolitikerne kunnskap om ungdoms situasjon.*
- *Skape en møteplass for et konstruktivt samarbeid for en felles fremtid.*

Måla nå er retta mot å vere ein demokratiskule for ungdom og å gje dei ein påverknad i saker som angår barn og unge.

Frå starta i 1997 til februar 2013 var Ungdommens Fylkesting sitt sekretariat lagt til Hordaland Barne- og Ungdomsråd. Det har i tillegg vore ein administrativ kontaktperson på Hordaland Fylkeskommune som skulle sjå til at dei hadde ein forankring i fylkesadministrasjonen, samt at det alltid har vore ein politisk kontaktperson. Per i dag er det fylkesvaraordførar Mona Haugland Hellesnes. Det har vore to evalueringar av denne løysinga sidan 1997 og begge har konkludert med at avstanden har vore for lang frå Hordaland Barne- og Ungdomsråd (HBUR) til fylkeskommunen, men at man har vore så nøgd med sekretariatet at man har bestemt at det skal fortsette hos HBUR.

Ein har sett at å flytte sekretariatet til fylkeskommunen har skapt eit større miljø for samarbeid og det har auka kunnskapen om kvarandre både hos Ungdommens Fylkesting/Fylkesutval og hos fylkeskommunen. Det har auka motivasjonen for Ungdommens Fylkesutval fordi dei lettare får tilbakemeldingar, orienteringar, tilbod og får ein betre forståing av korleis prosessane fungerer. Dei kjenner seg nå meir som ein del av Hordaland fylkeskommune.

Ungdommens Fylkesting i Hordaland har møtt ein gong per år og deltakarar har vore representantar frå skular, ungdomsråd, kommunar og barne- og ungdomsorganisasjonar. På Ungdommens Fylkesting har ein vedteke Handlingsprogram, godkjent rekneskap, vedteke budsjett for neste år, samt heldt val til

Ungdommens Fylkesutval som er det organet som jobbar for å oppnå Handlingsprogrammet mellom Ungdommens Fylkesting.

Ungdommens Fylkesutval har møte kvar månad og jobbar med fråsegn til sakar og planar som vert presentert til dei, oppfølging av kommunale ungdomsråd og Handlingsprogrammet som vert vedteken kvart år.

Vedtektene er foreslått endra slik at berre ungdomsråd vert invitert til Ungdommens Fylkesting. Dette er fordi det reint praktisk er mykje lettare å halde seg til faste ungdomsråd kor man veit at dei får den naudsynte informasjonen i forkant av arrangementet. Representantane treng heller ikkje så mykje opplæring på Ungdommens Fylkesting, samt at alle har meir eller mindre det same grunnlaget. Handlingsprogrammet er dermed heller ikkje så utsatt for at enkelte interessegrupper får gjennomslag for noko som ungdom generelt ikkje prioriterer så høgt. Det simulerer også det politiske systemet betre der kvar kommune har representantar og representantane er ansvarlege overfor sitt ungdomsråd. Slik sett meiner vi at dette er ein modell som utgjer ein betre demokratiskule for ungdomane. Men den føresetjar at dei kommunale ungdomsråda har ein brei base for sine val, slik at alle delar av ungdomsmassen er representert, også dei uorganiserte.

Det er mange kommunar og alle unntatt to fylkeskommunar som har oppretta ein form for medverknadsorgan for barn og ungdom. Desse organa er oppretta etter ulike modellar, både med tanke på samansetnad, tidsperiode og kva føremål dei har. I mange fall kan det vere utfordrande for medverknadsorgana, særleg når deira rolle ikkje er avklart. Det gjer at både ungdomsråda, politikarane og administrasjonen til tider er usikre på korleis dei skal halde seg til råda. For at ungdomsråd skal verte så effektive som mogleg og at dei skal kunne gjere oppgåva si best mogleg er det viktig at deira plass i organisasjonskartet er klart for alle i dei kommunane og fylkeskommunane dei er oppretta i. Hordaland fylkeskommune jobbar med eit mandat for Ungdommens Fylkesting. Dette for å klargjere tydelegare Ungdommens Fylkesting si rolle i det politiske livet i Hordaland fylkeskommune, samt ansvar både for ungdommen og fylkeskommunen.

Når det gjeld lovfesting av medverknadsorgan for ungdom er det argument på begge sider. På eine sida er det ein moglegheit å sjå til at alle kommunar og fylkeskommunar gjer barn og ungdom ein medverknad i dei sakane som angår dei. Som det er foreslått i høyringsnotatet vil ein lovfesting med retningsliner for medverknadsorgana gje ungdomsråd ein klarare rolle og ein vil ha ein lov å halde seg til. På andre sida kan både lovfesting og retningsliner gje for strame ramar for barne- og ungdomsråd. Om man skal finne ein gjennomsnittslinje å legge seg på kan den vise seg å ikkje passe verken dei ungdomsråda som har minst medverknad eller dei som har mest. Dersom medverknadsorgan for ungdom vert lovfesta er det også vanskelegare å endre modell på organet dersom man ønskjer det, til dømes om man ser at det er ein anna løysing som engasjerer ungdom meir eller som fungerer betre i den lokale konteksten. Dersom medverknadsorgan for ungdom vert lovfesta vil det vere fylkestinget som bestemmer kven som skal sitte der, noko som gjer Ungdommens Fylkesting mindre makt enn det dei har i dag, samt kan leie til ein fordeling i ungdomsrådet som ikkje reflekterer ungdomane, men samansetninga i fylkestinget. Til sist vil ein lovfesting av medverknadsorgan for ungdom potensielt legge til rette for at organisasjonar, og da ungdom, som allereie opererer å nytte eit ungdomsråd som ein arena for dei. I Hordaland er Ungdommens Fylkesting partinøytralt og det er eit viktig poeng for å få røysta til ungdom generelt, samt å få engasjert ungdom som gjerne ikkje allereie er involvert i partipolitikk. Frivillige og politiske organisasjonar har andre arenaer å bruke, og ved å ikkje formalisere medverknadsorgan for ungdom vil ungdomsråda lettare kunne operere fritt og uavhengig og det vil verte mindre interne stridigheitar i rådet. Hordaland Fylkeskommune vil derfor rå frå ein lovfesting av medverknadsorgan for ungdom.

Hordaland Fylkeskommune ser av høyringsnotatet at det ikkje er eit spørsmål om man ønskjer lovfesting, men berre om korleis eit slikt skal sjå ut. Derfor følger ein kort oppsummering av dei spørsmåla som vert stelt i høyringsnotatet, for å gje Hordaland Fylkeskommunes syn på dei i fall ein lovfesting finn stad:

#### Alternativ a:

*En egen generell bestemmelse i lov 25. september 1992 nr. 107 Om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven) om særlige medvirkningsorganer, men som pålegger kommunene å ha slike ordninger for unge, eldre og personer med nedsatt funksjonsevne. Detaljerte regler som er tilpasset de enkelte ordningene kan fastsettes i forskrift.*

#### Alternativ b:

*En egen felles særlov om særlige medvirkningsordninger i kommuner og fylkeskommuner, der alle ordningene lovfestes.*

*Begge alternativene legger opp til at Kommunal- og regionaldepartementet overtar forvaltningsansvaret for dette regelverket. Det er naturlig da ordningene kan sees på som en del av kommunenes organisering for bedre samhandling med særlige brukergrupper.*

Dersom lovfestinga skjer ser Hordaland fylkeskommune positivt på at alle tre medverknadsorgan vert samla under eit departement og i ein lov. Når det gjeld dei to alternativa for korleis lova skal vere er den praktiske skilnaden ikkje så stor. Det vil allikevel vere ein fordel om ungdom held seg til det same regelverket som dei vaksne politikarane, og administrasjonen. For fylkeskommunen sin del er det sjølvsagt ein fordel å ikkje ha fleire «lause» lovar å helde seg til.

*Når det gjelder den nærmere utforming av et regelverk for medvirkningsordning for ungdom, vil vi løfte frem noen problemstillinger det er viktig å tenke over:*

- *Hvis ungdomsrådene og lignende organer skal få beslutningsmyndighet, forslags- og/eller innstillingsrett, blir spørsmålet om de da er et medvirkningsorgan eller snarere et kommunalt organ. Og det neste spørsmål blir da om ungdom, som ikke er direktevalgt i ordinære valg, får like sterke rettigheter som ordinært valgte representanter.*
- *Medvirkningsordningene for eldre og personer med nedsatt funksjonsevne skal ha seg forelagt saker som er av særlig interesse for disse gruppene. Spørsmålet er om vi skal ha en tilsvarende avgrensning av ungdomsrådene, eller om ungdomsrådene og lignende organer skal stå fritt til å få seg forelagt og å uttale seg som alle saker i kommunen.*
- *Eldreråd og rådet for personer med nedsatt funksjonsevne har krav på å få de aktuelle sakene forelagt seg i god tid før de skal behandles i et politisk organ. Ut over dette er de kun rådgivende organ som ikke kan få delegert formell myndighet eller forslagsrett for folkevalgte organ. Medlemmer av disse rådene kan bare få møte- og talerett i politiske organ, adskilt fra ordskifte i organet.*

Når det gjeld eige organ, det vil seie Ungdommens Fylkesting og Ungdommens Fylkesutval, ser Hordaland Fylkeskommune det som naturleg at dei har avgjerdsmynde, forslags- og innstillingsrett. Per i dag har Ungdommens Fylkesting i Hordaland sjølvrådetrett. Det er foreslått at det er det ordinære fylkestinget som vedtek reglementet deira, men dette kan berre verte endra etter forslag frå Ungdommens Fylkesting. Medverknadsorganet for ungdom i Hordaland fylkeskommune har ikkje avgjerdsmynde, forslags- og innstillingsrett utover eige organ, fordi man ser at det bryt med demokratiprinsippet ettersom medlemane i Ungdommens Fylkesting ikkje er folkevalde.

Ungdom er opptekne av meir enn berre deira eigen livssituasjon og dei nærmaste erfaringane. Ungdom er også morgondagens vaksne og bør såleis vere opptekne av meir enn berre det som er relevant for barn og unge i dag. På den andre sidan har ungdom avgrensa med ressursar og tid og det er derfor viktig at dei sakane som vert lagt fram føre dei er så relevante som mogleg. Det kan derfor vere naturleg at det berre er sakar som angår barn og unge sine levekår som vert lagt fram for ungdomsråd, men at dei har moglegheit til å ta opp andre sakar om dei så ønskjer.

Hordaland fylkeskommune er positiv til det arbeidet som vert gjort særskilt med tanke på å få meir informasjon om korleis ungdomsråda som eksisterer. Hordaland fylkeskommune ser fram i mot å lese og kome med fråsegn til høyringsutkastet for lova og retningslinene som vert førespeila.